

ÅRSMØTEPROTOKOLL 2025 FOR FJORDVEGEN RIKSVEG 13

Årsmøte torsdag 3.april 2025 på Scandic City Stavanger Hotel kl 1330-1500

Tilstades på Årsmøtet - registrering av frammøtte medlemmer og fullmakter

Repr. inkl full- makt	Fjordvegen Riksveg 13 - Medlem pr 03.04.2025	Fullmakt Delegat (automatisk) innmeldt		Namn, gjeve sign. fullmakt til. <i>Dokument på førehand eller ved frammøte</i>	
1	Ulvik herad	Jens Olav Holven	x		5
1	Suldal kommune	Olav Lindseth	x	Ingvald Torblå	5
1	Ullensvang kommune		x	Ingvald Torblå	5
	Vik kommune		x	Marta Sofie Vange	5
	Eidfjord kommune		x	Jens Olav Holven	5
	Sauda kommun		x	Harald Løland	5
1	Vestland fylkeskommune		x	Marte Hamme	10
1	Rogaland fylkeskommune		x	Unni Fuglestad	10
1	Ryfylke IKS	Kristoffer Amdal	x		5
1	Hardanerrådet iks		x	Ann Irene Myrheim	5
1	Sognarådet IPR		x	Marta Sofie Vange	5
1	Hardanger Industri	Ingvald Torblå	x		3
1	Ullensvang Handel		x	Ingvald Torblå	3
1	NAF avd Stavanger og omegn		x	Lars Peter Endresen	2
1	MassHus		x	Jens Olav Holven	2
1	Fjordtind Hotels		x	Jens Olav Holven	2
1	Trygg Rv 13	Hadle Eide Bakka	x		1
1	Halldor Utne		x	Jens Olav Holven	1
1	Odda Rutebuss		x	Ingvald Torblå	1

Saker til handsaming:
Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Årsmøtesak 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling skal skje med minst 4 vekers varsel. Innkalling og saksliste til møte med saksutgreiing og vedlegg er sendt før. Saklista er i tråd med § 7 i gjeldande vedtekter. Styret sine tilrådingar er gjort i styremøte 10.02.2025.

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent

Årsmøtesak 02/25 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen

Vedtak:

Møteleiar: Marta Sofie Vange

Utsendingar til å skriva under protokollen: Harald Løland og Jens Olav Holven

Årsmøtesak 03/25 Årsmelding med revidert rekneskap for 2024

Styregodkjent årsmelding og rekneskap med revisormelding for 2024 er vedlagt. Budsjettet 2025 for Fjordvegen Riksveg 13 er delegert til styret.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Riksveg 13 for 2024 vert godkjent slik det ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Riksveg 13 for 2024 vert godkjent slik det ligg føre. Underskot på kr. 912,- vert dekket av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/25 Fastsetjing av kontingent 2026

Vedtak:

Kontingent 2026 for Fjordvegen Riksveg 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 45.000
Medlemskategori 2: Næringsselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 6.000
Medlemskategori 3: Næringsselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 3.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 6.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 3.000
Medlemskategori 6: Bedrifter med inntil 5 tilsette	kr 1.200
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

Årsmøte vedtek automatisk årleg indeksregulering med avrunding til nærast 100 frå 01.01.2027.
Utgangspunkt for regulering er KPI 01.01.2026

Årsmøtesak 05/25 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2026-2028

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og påverknad til grunn for arbeidet.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2026-2028 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i årsmøtet.
2. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å korrigera langtidsbudsjettet i trå med tilsetjingsprosessen.

Årsmøtesak 06/25 Endring i vedtekter for Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13

I vedtektene §2 Foreininga sitt forretningskontor, er Ullensvang kommune definert som forretningskontor. I arbeid med ny tilsetjing vil ein kontorstad kan vera langs heile aksa til Riksveg 13.

Vedtak:

Framlagd på årsmøte nytt utkast til nye vedtekter vert vedtekne som Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13 sine vedtekter pr 03.04.2025 med desse endringane

1. § 2 Forreininga sitt forretningskontor skal vera hjå eit av regionråda langs Riksveg 13.
2. § 7 Årsmøte for digital deltaking på framtidige årsmøter.
Medlemene har rett til å delta elektronisk på årsmøtet, med mindre styret finn at det føreligg sakleg grunn for å nekta.

Vert årsmøtet halde som elektronisk møte, skal styret sørge for at det føreligg system som sikrar at vedtektene sine krav til årsmøtet er oppfylt. Systema må sikra at deltakinga og stemmegjevinga kan kontrollerast på ein trygg måte, og det må nyttast ein trygg metode for å autentisera avsendar.

Årsmøtesak 07/25 Val**Vedtak:**

Nye styremedlemmer vart valde ved akklamasjon

a) Val av styremedlemmer for 2 år.

Roald Aga Haug, Ullensvang kommune	2025 - 2027	attval
Anita Husøy Riskedal, Hjelmeland kommune	2025 - 2027	attval
Ingvald Torblå, Hardanger Industri	2025 - 2027	attval

Val av varamedlemmer i rekkjefølgje valde for 1 år:

1. Vibeke Johnsen, Sogndal kommune	2025-2026	attval
2. Roy Egil Stadheim, Vik kommune	2025-2026	attval
3. Samson Hamre, Voss herad	2025-2026	attval

b) Val av leiar og nestleiar 2025-2026:

Marta Sofie Vange, Vik kommune	Leiar	attval
Anita Husøy Riskedal, Hjelmeland kommune	Nestleiar	attval

c) Val av Valnemnd.**Valnemnd i 2026**

Sigbjørn Hauge attval
Gerd Helen Bø attval
Arnstein Menes attval

Årsmøtesak 08/25
Innkomne saker til Årsmøtet

Brev frå Trygg veg RV 13. Melding teke til vitande

Note frå Vestland fylkeskommune v/ Jon Askeland til årsmøtet.
Oppfordring frå Vestland fylkeskommune om endring vart behandla i styremøte 03.04.25 og vedteke i dette årsmøte under "*Årsmøtesak 06/25 Endring i vedtekter for Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13*"

Årsmøteprotokollen godkjent:

.....
Marta Sofie Vange

.....
Harald Løland

.....
Jens Olav Holven